



Arkivnr: 2014/17126-1  
Saksbehandlar: Agnete Wiborg

**Saksframlegg**

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.06.2014

## Opstart av regional plan for kompetanse og arbeidskraft

### Samandrag

Arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft er ei prioritert oppgåve for fylkeskommunen, jfr. regional planstrategi for Hordaland 2012-2016.

Mangel på tilgang på kompetanse er ei av dei mest sentrale utfordringane for næringslivet. Offentleg sektor har tilsvarende utfordringar. Utviklinga peiker mot at utfordringane blir større i åra som kjem. Hovudspørsmålet planen skal ta opp, er om vi er godt nok rusta for dekke framtidens behov for kompetanse og særleg korleis utforminga, innrettinga og dimensjonering av utdanningstilbodet kan handtere framtidens utfordringar i arbeids- og samfunnsliv.

Hovudfokuset i planen er retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidens kompetanse med utgangspunkt i utdanningssystemet. Problemstillingar knytt til inkludering i arbeidslivet, arbeidsinnvandring og utstøying frå utdanning og arbeidsliv vil bli handsama i den grad dei blir kopla til problematikken knytt til utdanningssystemet og forsyning av arbeidskraft.

Målet med planprogramfasen er å beskrive omfang og innhald i planprosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

### Forslag til vedtak

1. Arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft startar opp i tråd med regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 med dei presiseringar som er foreslått
2. Fylkesrådmannen legg fram forslag til planprogram for politisk handsaming.

Johnny E. Stiansen  
fungerande fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 30.05.2014

Denne saka blir lagt fram for å starte opp arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

### Føremålet med planarbeidet

I planstrategien for Hordaland er planutfordringane omtalt slik:

*Tilgang på rett kompetanse og tilstrekkelig arbeidskraft er ei hovudutfordring for Hordaland. Både i dei delane av fylket som veks kraftig og i dei delane som kjempar mot stagnasjon er dette ein viktig tematikk. Utdanningssystem og arbeidsmarknad må sjåast i samanheng for å sikre eit robust fundament for vidare utvikling.*

*Planen må sjå på korleis ein kan oppnå ei robust forsyning av arbeidskraft til næringsliv og offentleg sektor. Næringslivet så vel som offentleg sektor endrast mot meir kompetansesarbeidsplassar. Hordaland må ta del i denne utviklinga og skape arbeidsplassar som kan halde på kompetansen, kombinert med eit utdanningssystem som støtter næringslivet i regionen. Som eit ledd i arbeidet med planen må det lagast langsiktige scenario for behov for arbeidskraft i Hordaland. Utdanningssystemet må integrerast i planlegginga. Planen vil også ta opp inkludering i arbeidslivet, arbeidsinnvandring og problematikk knytt til utstøying frå utdanning og arbeidsliv. Planen vil ha eit perspektiv mot 2030.*

*Planen har delvis overlappende tema som Regional næringsplan og Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland. Avgrensing mot desse planane vil måtte skje i arbeidet med planprogrammet.*

I tillegg til dei regionale planprosessane som er nemnt i planstrategien, må planarbeidet sjåast i samband med skolebruksplanen, regional planstrategi og regional plan for attraktive sentra som er under arbeid.

### **Formelle rammer**

Alle regionale planar skal ifølgje plan- og bygningslova ha eit planprogram. Målet med planprogrammet er å leggje til rette for opne demokratiske prosessar, auke innsynet og medverknaden i planlegginga på eit tidleg stadium. Slik dannar planprogrammet grunnlaget og rammene for det vidare arbeidet med planen. Planprogrammet skal på høyring i minimum seks veker.

Planprogrammet skal i følgje § 4-1 i plan- og bygningslova gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegg for medverknad
- kva for alternativ som vil bli vurdert
- behov for utgreiingar

Fylkesutvalet har i følgje delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune fullmakt til å utarbeide forslag til og vedta planprogram for regionale planar. Fylkesutvalet kan òg utarbeide forslag til regional plan. Fylkestinget vedtar regionale planar.

### **Avgrensing og dimensjonering av arbeidet**

Manglande tilgang på kompetanse er ei av dei mest sentrale utfordringane for næringslivet og for offentleg sektor. Hovudspørsmålet planen skal ta opp, er om vi er godt nok rusta for å møte framtidens utfordringar når det gjeld utvikling av kompetanse og særleg korleis utforminga, innrettinga og dimensjoneringa av utdanningssystemet kan handtere framtidens utfordringar i arbeids- og samfunnsliv. Planprogrammet skal beskrive nærare omfang og innhald i planen. Det vil her bli presentert forslag til avgrensing, rammer og ambisjonsnivå for planprogramarbeidet.

Hovudfokuset i planen er retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidens kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Problemstillingar knytt til inkludering i arbeidslivet, arbeidsinnvandring og utstøying frå utdanning og arbeidsliv vil bli handsama i den grad dei blir kopla til problematikk knytt til utdanningssystemet og forsyning av arbeidskraft.

### **Ambisjonsnivå**

Med bakgrunn i avgrensinga som er foreslått, vil viktige ambisjonar med planen vere:

- Etablere felles forståing blant sentrale aktørar av kva utfordringane på dette feltet er
- Få oversikt over korleis utdanningsinstitusjonane arbeider med desse problemstillingane per i dag
- Utarbeide gode verkøy for å klargjere behovet for arbeidskraft
- Sikre dialog og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, næringslivet og andre sentrale aktørar i Hordaland for å handtere misforholdet mellom tilbud og etterspørsel etter arbeidskraft og utvikle framtidsetta utdanningstilbod

### **Organisering av planprogramarbeidet**

- Eit administrativt sekretariat blir sett saman av representantar frå fylkeskommunen; opplæringsavdelinga og regionalavdelinga. Gruppa vil ha ansvaret for organisering av prosessen og skrivning av utkast til planprogram.
- Det blir oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen og Stord/Haugesund, NAV, KS, NHO, LO, Næringsalliansen, samt Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune.
- Det blir oppnemnt ei politisk styringsgruppe med representantar frå Opplærings- og helseutvalet, Hordaland fagskulestyre, yrkesopplæringsnemda, høgskolestyret for Høgskolen i Bergen, universitetsstyret for Universitetet i Bergen og frå regionråd.

### **Gjennomføring av planprogramfasen**

Målet med planprogramfasen er å beskrive omfang og innhald i planprosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

Skisse til planprogramarbeidet:

- Oppstartmøte med arbeidsgruppe og styringsgruppe/kontaktutval
- Innspelskonferanse med relevante aktørar
- Drøfting i Regionalt næringsforum
- Workshops ut frå avgrensa tema
- Utarbeiding av planprogram med utgangspunkt i innspel frå prosessane i samspill med arbeidsgrupper, fagmiljø og styringsgruppa
- Høyring
- Styringsgruppa drøfter planprogram med bakgrunn i høyringsfråsegn
- Utarbeiding av ferdig planprogram
- Vedtak i fylkesutvalet

### **Framdrift**

Det er venta at fylkesutvalet får forslag til planprogram vår/sommar 2015. Planprogrammet skal så sendast på høyring i minimum seks veker. Planprogrammet med høyringsinnspel skal leggjast fram for relevante utval før planprogrammet blir endeleg vedteken av fylkesutvalet i byrjinga sommar/haust 2015. Planarbeidet starter hausten 2015.